

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo

Aurland 2. oktober 2018

SKJERDAL KRAFTVERK (SK) – OVERSENDING AV UTBYGGINGSNOTAT.

Bakgrunn

Vi viser til synfaring 12 juni der representantar frå OED, Aurland kommune, S&F Turlag og Skjerdal kraftverk deltok.

**Vi meiner å få vist fram hovudargumenta for at dette prosjektet har større samfunns-
messige føremonn enn ulemper. Både ved at natur- og kulturlandskapet har fram-
komme fordi grunneigarar i Skjerdalen opp igjennom har fått drive med landbruks-
og næringsverksemd, herunder også kraftverksdrift. Dette har vore med å forma om-
rådet slik det framstår i dag, og vi meiner å ha vist at eit robust og lønnsamt små-
kraftprosjekt kan tilpassast landskapsverdiane på Skjerdal. Vi meiner det heller ikkje
lenger er tvil om at dette vil kunne bli ei viktig tilleggsnæring for grunneigarane i
Skjerdal, og at det utan «eit ekstra bein å stå på» som dette er, vil verta utfordrande å
oppretthalde eit godt nok næringsgrunnlag i Skjerdal for framtida.**

På synfaring viste vi til at ny teknologi hadde gjort det mogleg å bore anlegget frå planlagt kraftstasjonsplassering på kote 10 moh og opp til inntaket kote 655 moh. Då klagen vart sendt til NVE var ikkje dette mogleg å gjennomføre. Dette medførte at ein måtte leggje til grunn ein kombinasjon av nedgravd røyrgate med tunnel i fjellet. Vi har derfor omtala dette nye alternativet; «**Fullstendig borealternativ**», meir i detalj og legg til grunn at dette blir vurdert i den vidare handsaminga av OED. Vi har måtte undersøkt dette med tilbydarar av denne tunnelteknologien slik at vi har kunne omtala dette så presist som mogleg både i høve til kraftverksplan inkludert hjelpeanlegg. Dette er grunnen for at dette har tatt lenger tid enn forespeila på synfaring 12. juni.

Teknisk plan nytt tilpassa «Fullstendig borealternativ»

Sjå vedlegg 0, 1A, 1B, 2A og 2B.

Alternativet vil utnytte fallet i Storelvi (omtala Ståelvi frå kote 260 til kote 0) mellom kote 655 og kote 10, totalt 645 m brutto fall.

Det er ikkje lagt opp til verken regulering eller overføring i dette alternativet slik at det er vassstrengen mellom 655 til kote 10 i denne elva som blir utnytta. Det er lagt opp til minstevassføring tilsvarande 5-persentilen på 190 l/s i sommarperioden 1/5-30/9 og 30 l/s resten av året.

Som vist til på synfaring møtes Leimsdøla og Storelvi ca ved kote 260 og renn derifrå og ned til sjøen som ei felles elv kalla for Ståelvi. Leimsdøla utgjer ca 43 % av feltet herifrå slik at vassføringa frå kote 260 og ned til fjorden blir ca. 50 % (Leimsdøla pluss 5 persentil frå Storelvi) av dagens vassføring etter ei eventuell utbygging.

Vassvegen, totalt ca. 2500 m, vil bli lagt i fjell frå inntaket og til kraftstasjonen. Denne er planlagt bygd med retningsstyrt boring. Dette medfører både ein landskapsmessig «usynleg» vassveg, ettersom heile tiltaket bli liggande inne i fjellet, samt at boremassen (borekaks) er planlagt nytta transportert vekk med båt til andre samfunnsmessige tiltak i regionen.

Kraftstasjon og utløp er planlagt ved kote 10, rett på nedsida av det gamle kraftstasjonsinntaket og oppstraums den synlege delen av utløpet til fjorden.

For å minimere dei landskapsmessige inngrepa frå fjorden er den tidlegare planlagt vegtilkomst frå Skjerdalsvegen, FV 242, lagt bort. Denne er erstatta med ei løysing der ein oppgraderer dagens eksisterande kaianlegg, og byggjer ein midlertidig veg i køyresterk terreng frå kaianlegget og opp til kraftstasjonen. Boreriggen som skal byggje boretunnelen og utstyr til kraftstasjonen er planlagt frakta med båt via denne kaien og opp til kraftstasjonsområdet. Vegen blir «fjerna» og tilsådd etter at utbyggingsperioden er over slik at den ikkje vil framstå som ei framandelement. Ei slik utbyggingsløysing vil derfor ikkje ha behov for «nye» veginngrep etter at utbyggingsperioden på 1-2 år er over.

Som nemt over er boremassen på ca 5500 m³ planlagt å fraktast bort med båt/lekter slik at det ikkje er behov for massedeponi i/ved fjorden.

Oversiktstabell		Fullstendig borealternativ (2018)	Alternativ delvis røyr/boring(2016)
Nedbørfelt	km ²	13,7	13,7
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	42,1	42,1
Middelvassføring	m ³ /s	0,58	0,58
Årleg tilsig til inntak	mill. m ³	18,2	18,2
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,09	0,09
5-persentil (1/5-30/9)	m ³ /s	0,19	0,19
5-persentil (1/10-30/4)	m ³ /s	0,03	0,03
KRAFTVERK			

Inntak		655	655
Utløp	moh.	10	2
Brutto fallhøgde	m	645	653
Slukeevne, maks.	m ³ /s	1,3	1,3
Slukeevne, min.	m ³ /s	0,06	0,06
Lengde/diameter	m / m	2500/1,2 i bora tunnel	2600 / 0,8 (derav 250 m rør i bora tunnel)
Installert effekt, maks.	MW	7,1	7,1
Brukstid	timer	2850	2850
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³	0	0
PRODUKSJON			
Produksjon (1/10 – 30/4)	GWh	6,4	6,5
Produksjon (1/5 – 30/9)	GWh	13,5	13,7
Produksjon, år	GWh	20,0	20,2
KOSTNADAR			
Utbyggingskostnad/pris (*medio 2018, **medio 2014)	mill. NOK/kr/KWh	81,5*/ 4,08	78**/3,86

Vi ber OED vurdere dette alternativet «Fullstendig borealternativ» nærmare med den informasjonen som her framgår. Ta kontakt om det er behov for ytterligere opplysningar eller spørsmål til dette.

Vennleg helsing Skjerdal kraftverk

Harald Skjerdal

Grunneigar og kontaktperson